

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	11.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1600	17/5818

Ny kommune frå 2020 - orientering

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Samanslåing av dei tre kommunane, Meland, Lindås og Radøy er ein omfattande prosess som krev ei stor grad av involvering for at resultatet skal bli best mogleg.

Samanslåinga vert organisert som eit program, der det administrative nivå tar hand om programstyringa, og der det skal tilsetjast ein programansvarleg som seinare vert rådmann i den nye kommunen. Inntil vedkommande er tilsett, er det dei tre rådmenna som har denne oppgåva.

Førebels fellesnemnd er samd om å be dei tre kommunestyra gje dei fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera ein prosjektleiar/konsulentselskap for arbeidet med samanslåing for perioden august 2017-juni 2020.

Førebuande fellesnemnd har valt ein valkomite med Bjarte Vatnøy frå Lindås, Sølvi Knudsen frå Meland og Else Marie Dale frå Radøy. Valkomiteen skal koma med forslag til medlemmar til ulike politiske komitear som det er behov for i prosessen, fram til ordinær fellesnemnd er etablert. Valkomiteen konstituerer seg sjølve, og får administrativ støtte frå Radøy kommune.

Namnet på den nye kommunen er i innspurten. Namnekomiteen har spelt inn 11 namneforslag til referansegruppa, som skal levera 3-5 namn tilbake til namnekomiteen. Namnekomiteen legg 5. mai fram si innstilling på maks 3 namn til saksførebuande utval, som legg fram sak for FF i møte 15. mai. Endeleg namn vert vedtatt i dei tre kommunestyra i juni, og skal så godkjennast ved kongeleg resolusjon i haust.

Dei tre kommunestyre skal gjera det endeleg namnevedtak på §25-møtet 22. juni. Dette møtet vert leia av fylkesmann Lars Sponheim og vert halde i Lindåshallen. I forkant av dette møtet skal kommunestyra velja sine representantar til endeleg Fellesnemnd.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Kommunestyret i Radøy - 017/2017

KS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland og rådmann Jarle Landås gav ei grundig orientering om arbeidet fram mot ny

kommune. Prosessen er organisert som eit program med delprosjekt. Det skal tilsetjast ein programeigar/prosjektansvarleg, som også vert første rådmann i den nye kommunen. Ordførarane, rådmennene og koordinerande tillitsvald utgjer saksførebuaude utval. Fram til programeigar/prosjektansvarleg er tilsett vil rådmannene i fellesskap utgjera administrativ leiing. Det vert tilsett ekstern prosjektleiar/konsulentselskap.

Namnekomiteen har gitt tilråding på Alver kommune som namn på den nye kommunen. Kommunenamn skal handsamast i formannskap og kommunestyre 15. juni.

Fylkesmannen kallar inn kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy til eit såkalla §25-møtet 22. juni. I møtet blir følgjande saker handsama:

- Framlegg til namn på ny kommune
- Talet på kommunestyremedlemmer i den nye kommunen
- Samansetjing og funksjon/mandat for fellesnemnda
- Revisor for fellesnemnda
- Evt andre organ i prosessen

Deretter vert dei det halde kvar sitt kommunestyremøte som fattar vedtak i dei same sakene. Ordførar leiar møtet, og kommunestyra lyttar til kvarandre.

Ordførar og rådmann svara på spørsmål.

Kommunestyret tok saka til orientering.

KS - vedtak:

Saka vert teke til orientering.